

Kulturdepartementet 18. april 2013

Språkstatistikk for departementa i 2012

1. GRUNNLAGET FOR STATISTIKKEN

Språkstatistikken for departementa blir utarbeidd kvart år som ledd i det tilsynsarbeidet Kulturdepartementet utfører etter forskrift til lov om målbruk i offentleg teneste.

Statistikken viser den kvantitative fordelinga mellom bokmål og nynorsk i utoverretta informasjonstilfang uttrykt gjennom nynorskprosenten.

Det lovbaserte kravet er at det over tid skal vera minst 25 prosent av kvar målform.

For å kunna måla dette blir det aktuelle dokumenttilfanget sortert i tre grupper:

- proposisjonar og meldingar til Stortinget, jf. tabell 2
- andre dokument, av mindre omfang (under 10 sider), jf. tabell 3
- andre dokument, av større omfang (over 10 sider), jf. tabell 4

Nynorskprosenten i proposisjonar og meldingar blir rekna ut på grunnlag av samla sidetal for kvar målform for kvart departement. Dette skjer ved at Kulturdepartementet registrerer målform og sidetal i alle slike dokument etter kvart som dei ligg føre. Det betyr at dei prosenttala som kjem fram, er baserte på eit fullstendig kjeldetilfang og ei nokså nøyaktig registrering av korleis tekstmengda fordeler seg mellom målformene. Proposisjonar og meldingar er derfor den dokumentkategorien der nynorskprosenten blir målt mest eksakt.

For dei to andre dokumentkategoriane er prosenttala meir usikre. Desse er baserte på taloppgåver Kulturdepartementet innhentar frå dei andre departementa ved slutten av kvart kalenderår. Ein del større variasjonar i talgrunnlaget frå år til år og også departementa imellom indikerer at det her er ein del underrapportering. Dette kan gi til dels store utslag når ein skal rekna ut nynorskprosenten for eit enkelt departement eit enkelt kalenderår.

Særleg gjeld dette for dei meir omfangsrike dokumenta. Desse er det som regel relativt få av. Berre eitt utegløynt dokument kan difor påverka prosentfordelinga mykje, i og med at det er samla sidetal for dei to målformene som er utrekningsgrunnlaget. Ein kan minka verknaden av slike utslag noko ved å sjå fleire år under eitt. I tabell 4 har vi derfor i siste kolonne rekna ut nynorskprosenten for den siste treårsperioden under eitt (2010–2012).

Også for proposisjonar og meldingar har vi i siste kolonne i tabell 2 rekna ut samla nynorskprosent for treårsperioden 2010–2012. Her finst rett nok ikkje tilsvarende

feilkjelder som for andre større dokument. Men nokre departement kan ha såpass få slike dokument at det ville vera urimeleg å handheva kravet om minst 25 prosent av kvar målform slik at det må oppfyllest for ein såpass stutt periode som kvart enkelt kalenderår.

Når det derimot gjeld mindre dokument som pressemeldingar, stillingsutlysingar, kunngjeringar, rundskriv, mindre høyringsnotat og anna, er desse til saman så mange i løpet av eit år at dette tidsrommet bør vera meir enn langt nok til at kravet om minst 25 prosent av kvar målform bør vera oppfylt. I denne kategorien blir nynorskprosenten rekna ut på grunnlag av talet på dokument i kvar målform.

For å få eit samla mål for nynorskprosenten har vi i tabell 1 rekna ut eit vekta gjennomsnitt av nynorskprosenten for kvar av dei tre dokumentgruppene i tabell 2, 3 og 4. Fordi stortingsdokument utgjer eit såpass stort tekstomfang som er fullstendig og nøyaktig registrert, har vi late nynorskprosenten for denne kategorien telja tredobbelt i høve til andre større dokument. Vi har vurdert det slik at kategorien mindre dokument kjem i ei mellomstilling både når det gjeld kor pålitelege tala er, og med omsyn til den verdi desse dokumenta kan seiast å ha i eit måljamstillingsperspektiv. Denne nynorskprosenten har vi derfor gitt to tredjedels vekt jamført med stortingsdokument og dermed dobbel vekt jamført med andre større dokument.

2. KOMMENTARAR TIL STATISTIKKEN

2.1 Gjennomsnitt for alle dokumentkategoriar – tabell 1

Den oppdaterte nynorskprosenten for departementa for 2012 byggjer dels på heile treårsperioden 2010–2012 og dels på kalenderåret 2012 aleine, slik det er gjort greie for ovanfor, og slik det går fram av tabell 1.

2.1.1 Alle departement under eitt

Tabell 1 viser ein oppdatert nynorskdelen for departementa på **22,8 prosent**.

Dette er eit vekta gjennomsnitt av nynorskprosenten i dei tre dokumentkategoriane statistikken omfattar.

For nynorsk er dette resultatet vel to prosentpoeng lågare enn det lovbaserte minstekravet om bruk av kvar målform.

I to av dokumentkategoriane ligg nynorskdelen nær 25-prosentsgrensa. Men i andre større dokument enn stortingsdokument var det berre 9 prosent nynorsk, og dette dreg gjennomsnittet nedover. Situasjonen er i så måte stort sett uforandra frå året før, jf. tilsvarende statistikk for 2011.

2.1.2 Skilnader mellom departementa

Som tidlegare er det store skilnader departementa imellom.

Å døma etter dei tala som kvart departement sjølv har rapportert inn, er det berre *Kommunal- og regionaldepartementet* som har **over 25 prosent nynorsk i alle tre dokumentkategoriar**. *Fiskeri- og kystdepartementet* ligg tett oppunder.

Begge desse to departementa har eit vekta gjennomsnitt på **over 40 prosent nynorsk**.

Også fem andre departementet har eit vekta gjennomsnitt på over 30 prosent nynorsk, mens ti av departementa har eit vekta gjennomsnitt **under minstegrensa på 25 prosent**.

2.2 Proposisjonar og meldingar til Stortinget – tabell 2

Tabell 2 viser at den samla nynorskdelen i stortingsdokument den siste treårsperioden har vore **25,7 prosent**.

For kalenderåret 2012 aleine var nynorskdelen **26,3 prosent**. Det er nesten eitt prosentpoeng høgare enn den tidlegare årsrekorden. Dette er elles berre fjerde gongen at gjennomsnittleg nynorskbruk i stortingsdokument har kome over minimumsgrensa på 25 prosent i eit enkelt kalenderår.

Også tabell 2 viser store skilnader departementa imellom. Åtte av dei sytten departementa har oppfylt kvotekravet på 25 prosent den siste treårsperioden.

Kunnskapsdepartementet er det departementet som har den høgaste nynorskprosenten i proposisjonar og meldingar den siste treårsperioden med over **64 prosent**.

Miljøverndepartementet, *Fiskeri- og kystdepartementet* og *Barne-, likstillings- og inkluderingsdepartementet* følgjer tett etter. Alle desse har skrive godt over 50 prosent nynorsk i proposisjonar og meldingar dei siste tre åra. *Landbruks- og matdepartementet* ligg tett oppunder 50 prosent, mens *Samferdselsdepartementet* hadde vel 40 prosent nynorsk.

Ni av departementa hadde mindre enn 25 prosent nynorsk, to av dei også under 10 prosent.

Ein bør merka seg at talgrunlaget varierer mykje departementa imellom. Såleis produserte Finansdepartementet i perioden 2010–2012 over 6 500 sider, Utanriksdepartementet nesten 4 000 og Justisdepartementet nærmare 3 500 sider, mens dokumentproduksjonen i både Forsvarsdepartementet og Fiskeri- og kystdepartementet var mindre enn 1 000 sider.

2.3 Andre små dokument – tabell 3

Tabell 3 viser at den rapporterte nynorskdelene i denne dokumentkategorien i 2012 var i underkant av **25 prosent**. Dette er ein mindre nedgang frå året før. Vi merkar oss også at talgrunnlaget har gått noko ned sidan året før. Frå 2010 til 2011 var det ein enda mykje større nedgang i talet på rapporterte dokument.¹ Dette tyder på at det er mykje og aukande underrapportering.

Også her er det markerte skilnader mellom departementa, frå eit toppnivå på 62 prosent til eit bottnivå på 7 prosent.

Tabellen viser også at enkelte av dei departementa som har brukt særleg mykje nynorsk i proposisjonar og meldingar, har forsømt nynorsken i anna dokumenttilfang.

2.4 Andre større dokument – tabell 4

Den siste merknaden ovanfor blir også stadfesta i tabell 4.

Tabellen viser dessutan at nynorskprosenten i denne dokumentkategorien er mykje lågare enn i dei to andre. Nivået låg på berre **9 prosent**. Det gjeld anten vi ser på heile den siste treårsperioden eller kalenderåret 2012 aleine. Denne situasjonen er om lag som i fjor.

Berre fire departement har over 25 prosent nynorsk i denne dokumentkategorien, mens heile ti departementet har under 10 prosent nynorsk.

¹ Det går fram av tilsvarende tabell i Språkstatistikken for 2011, jf. <http://www.regjeringen.no/upload/KUD/Kulturvern/avdelingen/Maalbruk/Sprakstatistikk-for-2011.pdf>

Tabell 1. Vekta gjennomsnitt av nynorskprosenten i dei tre gruppene av informasjonstilfang i tabell 2, 3 og 4.

| Departement | Stortingsdok. 2010-2012, jf. tabell 2. (Vekt=3) | Andre små dok. 2012, jf. tabell 3. (Vekt=2) | Andre større dok. 2010-2012, jf. tabell 4. (Vekt=1) | Vekta gjennomsnitt frå tabell 2, 3 og 4. |
|-------------|--|--|--|--|
| 1. FKD | 57 | 33 | 20 | 42,8 |
| 2. KRD | 28 | 62 | 39 | 41,2 |
| 3. MD | 58 | 24 | 5 | 37,8 |
| 4. LMD | 47 | 36 | 13 | 37,7 |
| 5. KD | 64 | 8 | 1 | 34,8 |
| 6. BLD | 57 | 17 | 2 | 34,5 |
| 7. SD | 40 | 15 | 38 | 31,3 |
| 8. KUD | 24 | 27 | 12 | 23,0 |
| 9. JD | 17 | 33 | 8 | 20,8 |
| 10. OED | 17 | 12 | 46 | 20,2 |
| 11. FIN | 17 | 28 | 13 | 20,0 |
| 12. FAD | 23 | 22 | 1 | 19,0 |
| 13. AD | 31 | 7 | 4 | 18,5 |
| 14. FD | 18 | 12 | 27 | 17,5 |
| 15. UD | 10 | 22 | 4 | 13,0 |
| 16. NHD | 8 | 23 | 4 | 12,3 |
| 17. HOD | 5 | 13 | 1 | 7,0 |
| SUM | 26 | 25 | 9 | 22,8 |

Tabell 2. Stortingsdokument – nynorskprosent etter sidetal

| Departement | 1994-2012 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2010-2012 (N=sidetal) |
|-----------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|--------------------------|
| 1. KD ² | 47,2 | 69,7 | 42,0 | 36,6 | 79,8 | 54,2 | 63,1 | 64,2 (1596) |
| 2. MD | 34,0 | 42,8 | 45,3 | 32,2 | 74,2 | 53,6 | 53,1 | 58,0 (1618) |
| 3. FKD | 28,4 | 43,6 | 21,3 | 45,6 | 50,2 | 46,4 | 67,3 | 56,9 (989) |
| 4. BLD ³ | 20,6 | 2,7 | 33,9 | 50,2 | 57,0 | 68,8 | 48,8 | 56,9 (1303) |
| 5. LMD | 49,4 | 44,5 | 39,0 | 32,5 | 59,1 | 32,6 | 62,0 | 47,0 (1312) |
| 6. SD | 22,6 | 65,2 | 53,9 | 25,4 | 56,0 | 36,2 | 28,8 | 40,2 (1098) |
| 7. AD ⁴ | 11,0 | 4,7 | 17,4 | 1,7 | 19,4 | 38,5 | 24,1 | 31,0 (2238) |
| 8. KRD ⁵ | 18,5 | 8,9 | 19,1 | 29,4 | 9,8 | 25,4 | 42,7 | 28,0 (1661) |
| 9. KUD ⁶ | 30,0 | 27,1 | 27,0 | 21,7 | 11,5 | 45,7 | 15,5 | 23,9 (1441) |
| 10. FAD ⁷ | 26,2 | 91,5 | 70,2 | 89,5 | 13,4 | 9,2 | 37,6 | 23,1 (1479) |
| 11. FD | 10,6 | 24,6 | 6,3 | 8,9 | 25,6 | 15,9 | 16,1 | 18,0 (611) |
| 12. OED ⁸ | 14,2 | 35,9 | 21,3 | 40,4 | 33,8 | 7,1 | 21,5 | 17,1 (1114) |
| 13. FIN | 10,7 | 9,2 | 14,4 | 12,6 | 14,8 | 17,5 | 19,3 | 17,1 (6569) |
| 14. JD | 12,9 | 12,6 | 7,2 | 15,1 | 10,9 | 26,4 | 15,3 | 16,8 (3425) |
| 15. UD | 16,7 | 20,8 | 16,1 | 14,9 | 17,2 | 9,6 | 6,3 | 10,4 (3975) |
| 16. NHD ⁹ | 8,5 | 39,3 | 9,4 | 10,5 | 12,2 | 8,0 | 4,5 | 7,5 (1267) |
| 17. HOD ¹⁰ | 6,0 | 0,3 | 7,8 | 4,3 | 4,9 | 3,8 | 7,2 | 5,3 (2611) |
| SUM | 19,1 | 22,9 | 22,8 | 22,1 | 25,3 | 25,4 | 26,3 | 25,7 (34313) |

² Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

³ Tala fram til 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet og frå 1.1.2006 til 31.12.2009 gjeld dei Barne- og likestillingsdepartementet.

⁴ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet. Deretter gjeld dei Sosialdepartementet fram til 1.1.2004, Arbeids- og sosialdepartementet fram til 31.12.2005 og Arbeids- og inkluderingsdepartementet fram til 21.12.2009.

⁵ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet

⁶ Tala frå for perioden 1.1.2002 til 31.12.2009 gjeld Kultur- og kyrkjedepartementet.

⁷ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet, frå 1. 10 2004 til 21. 12. 2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet og frå 1. 1. 2006 til 31. 12. 2009 gjeld dei Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

⁸ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

⁹ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet

¹⁰ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

Tabell 3. Andre dokument (under 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter talet på dokument

| Dep. | 2001 | 2002 | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 (N=dokument) | 2012 (N=dokument) |
|-----------------------|-----------|-----------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|----------------------|----------------------|
| 1. KR ¹¹ | 28 | 28 | 14 | 20 | 22 | 29 | 29 | 44 | 53 | 75 | 65 (593) | 62 (388) |
| 2. LMD | 21 | - ¹² | 30 | 7 | 40 | 7 | 10 | 7 | 6 | 6 | 41 (32) | 36 (14) |
| 3. SMK | | 8 | 11 | 10 | 20 | 14 | 22 | 25 | 31 | 29 | 29 (302) | 34 (273) |
| 4. JD | 26 | 18 | 20 | 25 | 12 | 14 | 31 | 19 | 23 | 26 | 35 (246) | 33 (261) |
| 5. FKD | 21 | 18 | 26 | 24 | 27 | 30 | 38 | 34 | 37 | 34 | 32 (289) | 33 (233) |
| 6. FIN | 27 | 17 | 15 | 14 | 11 | 17 | 23 | 18 | 22 | 31 | 36 (164) | 28 (106) |
| 7. KUD ¹³ | 15 | 29 | 25 | 30 | 24 | 26 | 28 | 27 | 27 | 27 | 37 (197) | 27 (206) |
| 8. MD | 20 | 12 | 8 | 6 | 3 | 3 | 2 | 11 | 5 | 14 | 18 (414) | 24 (302) |
| 9. NHD ¹⁴ | 11 | 8 | 4 | 5 | 15 | 29 | 14 | 2 | 9 | 7 | 12 (154) | 23 (201) |
| 10. UD | 12 | 13 | 20 | 7 | 20 | 15 | 18 | 15 | 9 | 17 | 24 (800) | 22 (1007) |
| 11. FAD ¹⁵ | 7 | 8 | 9 | 18 | 22 | 57 | 42 | 46 | 31 | 52 | 15 (279) | 22 (234) |
| 12. BLD ¹⁶ | 13 | 7 | 9 | 15 | 22 | 16 | 34 | 9 | 14 | 8 | 10 (100) | 17 (241) |
| 13. SD | 16 | 14 | 22 | 25 | 29 | 47 | 41 | 56 | 51 | 51 | 33 (205) | 15 (201) |
| 14. HOD ¹⁷ | | 20 | 11 | 12 | 10 | 8 | 20 | 27 | 15 | 11 | 8 (367) | 13 (283) |
| 15. OED ¹⁸ | 29 | 21 | 26 | 22 | 21 | 26 | 21 | 21 | 15 | 10 | 65 (17) | 12 (135) |
| 16. FD | 0 | 3 | 0 | 3 | 10 | 17 | 11 | 8 | 9 | 11 | 8 (355) | 12 (444) |
| 17. KD ¹⁹ | 8 | 8 | 7 | 7 | 4 | 9 | 20 | 22 | 6 | 6 | 5 (353) | 8 (115) |
| 18. AD ²⁰ | 5 | 7 | 10 | 7 | 38 | 12 | 18 | 15 | 19 | 13 | 19 (121) | 7 (108) |
| SUM | 17 | 13 | 15 | 13 | 12 | 16 | 20 | 20 | 18 | 21 | 26,3 (4988) | 24,7 (4752) |

¹¹ Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

¹² Ikkje levert rapport pr. 26. februar 2002.

¹³ Tala frå 1.1.2002 til 21.12.2009 gjeld Kultur- og kyrkjedepartementet.

¹⁴ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

¹⁵ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet, frå 1. 10 2004 til 21. 12. 2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet og frå 1. 1. 2006 til 31. 12. 2009 gjeld dei Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

¹⁶ Tala fram til 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet og frå 1.1.2006 til 31.12 2009 gjeld dei Barne- og likestillingsdepartementet.

¹⁷ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

¹⁸ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

¹⁹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.

²⁰ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet. Deretter gjeld dei Sosialdepartementet fram til 1.1.2004, Arbeids- og sosialdepartementet fram til 31.12.2005 og Arbeids- og inkluderingsdepartementet fram til 21.12.2009.

Tabell 4. Andre dokument (over 10 sider) – rapportert nynorskprosent etter sidetal

| Dep. | 2003 | 2004 | 2005 | 2006 | 2007 | 2008 | 2009 | 2010 | 2011 | 2012 | 2009-2011 (N=sidetal) |
|-----------------------|----------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|------------|--------------------------|
| 1. OED ²¹ | 0 | 24 | 46 | 62 | 71 | 42 | 63 | 64 | 60 | 33 | 46 (1331) |
| 2. KRD ²² | 4 | 4 | 5 | 10 | 23 | 20 | 27 | 38 | 35 | 49 | 39 (3430) |
| 3. SD | 0 | 12 | 0 | 2 | 28 | 46 | 9 | 0 | 41 | 50 | 38 (826) |
| 4. FD | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 37 | 21 | 27 | 27 (1247) |
| 5. FKD | 15 | 3 | 5 | 8 | 0 | 37 | 37 | 32 | 11 | 24 | 20 (851) |
| 6. FIN | 0 | 0 | 0 | 16 | 4 | 7 | 8 | 9 | 17 | 16 | 13 (463) |
| 7. LMD | 0 | 0 | 0 | 33 | 6 | 0 | 79 | 0 | 38 | 19 | 13 (184) |
| 8. KUD ²³ | 2 | 25 | 6 | 4 | 26 | 14 | 11 | 19 | 10 | 10 | 12 (1604) |
| 9. JD | 2 | 5 | 2 | 2 | 1 | 7 | 8 | 14 | 1 | 7 | 8 (5275) |
| 10. SMK | 90 | 0 | 100 | 0 | 100 | 6 | 4 | 6 | 67 | 3 | 5 (1034) |
| 11. MD | 18 | 23 | 0 | - | 0 | 34 | 14 | 18 | 0 | 0 | 5 (1009) |
| 12. NHD ²⁴ | 5 | 11 | 0 | 0 | 0 | 6 | 6 | 4 | 0 | 7 | 4 (1425) |
| 13. UD | 7 | 2 | 6 | 6 | 5 | 1 | 3 | 2 | 4 | 5 | 4 (14489) |
| 14. AD ²⁵ | 0 | 9 | 0 | 0 | 33 | 0 | 0 | 6 | 4 | 0 | 4 (616) |
| 15. BLD ²⁶ | 3 | 3 | 2 | 2 | 19 | 0 | 0 | 0 | 0 | 3 | 2 (2035) |
| 16. HOD ²⁷ | 9 | 9 | 0 | 6 | 4 | 2 | 5 | 1 | 2 | 1 | 1 (4016) |
| 17. FAD ²⁸ | 0 | 0 | 3 | 21 | 12 | 9 | 2 | 0 | 0 | 6 | 1 (2579) |
| 18. KD ²⁹ | 16 | 5 | 1 | 6 | 0 | 3 | 7 | 1 | 0 | 2 | 1 (5212) |
| SUM | 6 | 5,6 | 4,6 | 7,7 | 8,8 | 8,3 | 8,9 | 9,4 | 9,3 | 9,1 | 9,3 (47626) |

²¹ Departementet vart oppretta frå 1.1.1997.

²² Tala frå før 1.1.1998 gjeld Kommunal- og arbeidsdepartementet.

²³ Tala frå 1.1.2002 til 21.12.2009 gjeld Kultur- og kyrkjedepartementet.

²⁴ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Nærings- og energidepartementet.

²⁵ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Sosial- og helsedepartementet. Deretter gjeld dei Sosialdepartementet fram til 1.1.2004, Arbeids- og sosialdepartementet fram til 31.12.2005 og Arbeids- og inkluderingsdepartementet fram til 21.12.2009.

²⁶ Tala fram til 1.1.2006 gjeld Barne- og familiedepartementet og frå 1.1.2006 til 31.12.2009 gjeld dei Barne- og likestillingsdepartementet.

²⁷ Tala frå før 1.10.2004 gjeld Helsedepartementet, som vart oppretta frå 1.1.2002.

²⁸ Tala frå før 1.1.1997 gjeld Administrasjonsdepartementet, for året 1997 Planleggings- og samordningsdepartementet, frå 1.1.1998 igjen Arbeids- og administrasjonsdepartementet, frå 1. 10 2004 til 21. 12. 2005 gjeld dei Moderniseringsdepartementet og frå 1. 1. 2006 til 31. 12. 2009 gjeld dei Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

²⁹ Tala frå før 1.1.2002 gjeld Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og frå 1.1.2002 til 31.12.2005 Utdannings- og forskingsdepartementet.